

# Retningsliner og prioriteringar av lokale landbrukstilskott

## *Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)*

### *Tiltak i beiteområde*



**Vestnes kommune 2020-2024 (forlenga til 2025 med  
endringar i tabell 4)**



1	Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) .....	3
1.1	Føremål.....	3
1.2	Søknad.....	3
1.3	Vilkår for tilskot.....	3
1.4	Prioriteringar for perioden 2020 – 2025 .....	4
1.4.1	Biologisk mangfald .....	4
1.4.2	Kulturminner/-miljø .....	6
1.4.3	Forureining.....	6
1.4.4	Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt .....	6
1.4.5	Oppsummering av prioritering av SMIL- midlar.....	7
2	Tiltak i beiteområde .....	8
2.1	Føremål.....	8
2.2	Søknad.....	8
2.3	Vilkår for tilskott.....	9
2.4	Prioriteringar 2020 - 2025.....	9
2.4.1	Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt .....	9
2.4.2	Investeringstiltak i utmarksbeita .....	10
3	Einingsprisar .....	12

# 1 Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

## 1.1 Føremål

Føremålet med SMIL-ordninga er å fremje natur - og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Vidare skal tilskot prioriterast ut i frå lokale målsetjingar og strategiar.

## 1.2 Søknad

Ein oppmodar søkerane til å nytte elektronisk søknadsskjema som er utarbeida av Landbruksdirektoratet. Dette er mellom anna tilgjengeleg på Altinn. For søkerar som ikkje har moglegheit til å søkje elektronisk ligg skjema i pdf-versjon tilgjengeleg på Landbruksdirektoratet si nettside.

Søknadsskjemaet inneheld ein del dokumentasjonskrav som er obligatoriske. Vidare kan kommunen krevje ytterlegare dokumentasjon før ein behandlar søknaden. Søknadar skal innehalde all informasjonen kommunen ser som naudsynt for å kunne vurdere søknaden og ufullstendige søknadar blir ikkje vurdert. Det går fram av forskrifta, jf. § 6 at utforming av søknader og vedlegg skal vere i samsvar med krava i forskrifta for ordninga.

### Søknadsfristen er satt til 1. mai

Informasjon om ordninga finn ein på kommunen sine internettssider

## 1.3 Vilkår for tilskot

Tilskott kan innvilgast til føretak der det føregår ein produksjon på landbrukseigedommen som gir rett på tilskott, og som oppfyller vilkåra i forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskott i jordbruket, §§ 2 og 3 eller 4, jf. § 3 i forskrifta. Det må ligge føre løyve frå eigar av landbrukseigedommen til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i sentral forskrift §§ 4 og 5.

Vidare må søker oppfylle vilkåra i forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging samt at ein skal føre journal over plantevernmidlar som er nytta, med opplysningar om namn på plantevernmiddelet, tidspunkt for behandling og dosen som er nytta, og det området og den veksten er nytta på.

Søkjer må vidare ha kart over jordbruksareala føretaket til ei kvar tid disponerer, og andre areal som føretaket disponerer eller som er av betydning for eller som er påverka av jordbruksdrifta. Kulturminne, områder som er viktige for biologisk mangfald, areal med risiko for tap av jord og næringsstoff og andre forhold av miljømessig betydning skal vere kartfesta og skildra. Dersom areala er leigde bort må søker likevel kunne dokumentere at vilkåra i første og tredje lekk er oppfylte.

I følgje forskrifta, har kommunen moglegheiter til å sette vilkår ved tildeling av tilskot, jf. § 3. femte ledd. Brot på vilkåra kan føre til inndraging av tildelte midlar.

I tillegg til dei nemnde vilkåra gitt i forskrifta, kan følgjande generelle vilkår/krav settast:

- ◆ Kart som viser arealet/objektet si plassering, der tiltaket skal gjennomførast.
- ◆ Tilskot bereknast ut frå godkjent kostnadsoverslag.
- ◆ Tilskot gis ikkje til påbegynte og ferdigstilte tiltak
- ◆ Søkjaren må ha løyve frå eigaren av landbrukseigedommen før tiltak settast i verk  
Skriftleg avtale om gjennomføring av fellestiltak med fleire andre aktørar
- ◆ Tilskotsmottakar er sjølv ansvarleg for å innhente samtykke etter dei lover og reglar som tiltaket fell inn under.
- ◆ Bilete som fortel noko om tilstanden til arealet/bygningen/objekt før tiltaket vert starta
- ◆ Søkjarane må vere registrerte i Enhetsregisteret. Unntak er eigarane av landbrukseigedommar som ikkje har eit registrert jordbruksføretak.

Tiltaket skal vere gjennomført innan 3 år etter at tilskotet vart innvilga, med mindre kommunen har sett ein kortare frist. Kommunen kan etter søknad forlenge gjennomføringsfristen, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart innvilga.

## 1.4 Prioriteringar for perioden 2020 – 2025

Som følgje av endra bruksstruktur i landbruket får ein og endringar i kulturlandskapet. Større og færre driftseininger påverkar kulturlandskapet på fleire måtar. Effektiviseringskrava som gjer at dei mest tungdrive areala vert nedprioriterte og marginaliserte, medan areala som er i drift vert drivne meir intensivt. Følgjene er at jordbrukslandskapet gror att, kulturminne blir forringa og tap av biologisk mangfald.

### 1.4.1 Biologisk mangfald

Kulturlandskapet er viktig for å ta vare på det biologiske mangfaldet, det vil sei for den variasjon som eksisterer innafor artar, og i form av ulike artar og naturtypar. Kulturmarkene er viktig for den biologiske variasjonen både ved at det her fins mange trua artar og gjennom mangfaldet av vegetasjonstypar dei representerer. Ein driv i dag mykje meir intensivt og einsidig i kulturlandskapet enn i tidlegare tider, då drifta var mykje meir allsidig. Dei tidlegare driftsmåtane førte til at det oppstod eit mosaikkprega, lysope landskap med ei rad ulike kulturmarker, både kulturskapte og påverka av kultur. Mange av dei artane som hadde gode vilkår ved den gamle driftsmåten er i dag trua av moderne driftsformer. Biologisk mangfald er ei hovudprioritering i høve tildeling av SMIL-midlar

#### Trua natur og utvalgte naturtypar og prioriterte artar.

Biologisk mangfald er den genetisk variasjonen innan artane, variasjonen i mellom økosistema og mangfaldet av artar. I Vestnes kommune er det gjennom kartlegginga av naturtypar registrert to slåttemarker som er registrert som *svært viktige*, medan tre lokalitetar har verdi *viktig*. Vidare er 15 andre lokalitetar registrert som *viktige* og 7 lokalitetar er registrert som *lokalt viktige*. I desse lokalitetane finn ein artar som i somme

høve er av nasjonal interesse. Det er derfor særsviktig at grunneigar skjøttar desse lokalitetane og tek vare på desse verdiane som representerer viktige referanseområdar på gamle driftsformer innan landbruket. Ekstra ordinære tiltak i drifta av omsyn til Vipe (*Vanellus vanellus*) og Åkerrikse (*Crex crex*) eller andre omsynsartar, kan og gjev tilskott.

#### Gammal kulturmark

Omfattar vegetasjonstypar der vegetasjonen er utforma ved slått, beiting, styving, brenning eller andre driftsformer gjennom ein lang periode, ofte utan tilførsel av gjødsel, og med eit plante- og dyreliv som skil seg frå det som elles kan være vanleg i område. I slik gammal kulturmark fin ein og spor etter gamle driftsformåtar (i terrengoverflata som murar, rydningsrøyser, styvingstrær) og kulturminne (gravhaugar, tufter m.m.)

#### Pollinerande insekter

Ein pollinator er eit insekt, det kan vere humler, bier, fluger og sommarfuglar, som bestøvar plantene med pollenkorn slik at dei kan sette frø. For matproduksjonen er det viktig og for naturmangfaldet er det heilt avgjerande at vi har pollinatorar.

Pollinatorar og pollinering speler viktige roller i økosistema og for matproduksjonen. Internasjonalt er nedgangen av desse nyttige insekta sett på dagsordenen av det internasjonale naturpanelet, og nokre land har laga eigne strategiar. Noreg utarbeida ein *Nasjonal pollinatorstrategi i 2018*.

Det kan gis tilskot til tiltak som legg til rette for pollinerande insekt. Restaurering, unngå tap samt auke omfanget av samanengande leveområde for pollinatorane gjennom heile livssyklusen. Det er og mogleg å sökje om tilskot til å skape spreiingskorridorar. Døme på tiltak kan vere å etablere *Beetle bank*.

#### Fjerning av framande arter

Framande planteartar har negativ påverknad på biologisk mangfald og er ein medverkande faktor til at lokale arter blir utryddingstruga. Når den stadeigne floraen forsvinn, forsvinn også livsgrunnlaget for mange dyr og insekt. Når framande organismar har etablert seg i vår natur, er det særsvanskeleg og kostbart å utrydde dei. Tiltak som fjerner eller reduserar spreiing av framande arter kan gjev rett til tilskot.

Det skal leggast stor vekt på driftsforma si betydning for ivaretakelse av biologisk mangfald i tiltaksområde. Ein vil derfor prioritere bruken av SMIL – midlane mot tiltak som tek vare på og fremjer det biologisk mangfaldet i landskapet vårt.

#### Friluftsliv og tilgjengeleghet

Omfattar tiltak som stimulerer høve til rekreasjon og friluftsliv i jordbruksområdet sitt kulturlandskap gjennom å legga til rette for ferdsel til fots og opplevingar. Det kan gis tilskot til samanhengande sti- og turvegnett tilknytta vegar i jordbruksområdet kulturlandskap. Kommunen vil vere varsam med å gi tilskot til tiltak som fremjar og auka motorisert ferdsel. Ein skal og unngå negative effektar på natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet.

#### **1.4.2 Kulturminner/-miljø**

Med kulturminner meinast alle spor etter menneskeleg aktivitet i vårt fysiske miljø. Kulturmiljø er områdar der kulturminner inngår i som ein del av ein større heilheit eller samanheng. Gardstun, buplassar, hustufter, gamle vegfar er nokre døme på kulturminner/-miljø i jordbruks kulturlandskap. Dette er sjeldne element i landskapet som det er viktig å vare på. For freda kulturminner må det vere gitt løyve frå regionale kulturminneforvaltninga til gjennomføring av tiltaket.

#### **1.4.3 Forureining**

Det er set fleire strenge miljøkrav til jordbruksføretaka, mellom anna for å redusere forureining frå jordbruksdrifta. SMIL-ordninga gjer det mogleg for føretaka å søkje om tilskot for redusere denne påverknaden. T.d. kan ein få tilskot til tiltak for å redusere risikoen for erosjon på jordbruksareal og i vannløp og som redusera avrenninga av næringsstoffar frå jordbruksareal. Det kan vere aktuelt å søkje om tilskot til miljøplantingar, bygningsmessige tiltak, økologiske rensetiltak og opning av kanalar.

#### **1.4.4 Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt**

Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt skal legge til rette for større heilhetlege prosjekter over større områdar som leder fram til gode og konkrete tiltak i jordbruks kulturlandskap. Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt bør gjennomførast i samarbeid med t.d. velforeiningar og bygdelag.

#### 1.4.5 Oppsummering av prioritering av SMIL- midlar

Føremålet med SMIL-ordninga er å fremje natur - og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Kva som er vanleg jordbruksdrift er bygd på ein del skjønn, og noko av denne skjønnsvurdering er lagt til adm.sjefen. Tiltak som t.d gjerding av innmark fell utanfor ordninga. I tabell 2 finn ein ei oversikt over prioriterte tiltak innanfor SMIL-ordninga for kommande planperiode.

Tabell 2: Oversikt over prioritering av bruken av SMIL-midlar

Prioritert tema	Prioriterte søknader innanfor temaet	Rettleiande tilskotssats
<b>Biologisk mangfald</b>	Trua naturtyper, t.d. slåttemarker og naturbeitemark  Gamal kulturmark <sup>u/gjødsling</sup>  Tiltak for pollinatorar, beetle bank, ansvarsartar  Fjerning av framande artar	80 - 100%
<b>Forureiningstiltak</b>	Tiltak som betrar den økologiske tilstanden til ulike vassførekomstar  Større satsingar som involverer fleire grunneigarar (t.d. fangdammar, miljøplantingar)	35%
<b>Kulturminner/miljø</b>	Historisk verdi (alder og sjeldanheit).  Bygningar med stor allmenn tilgjengeleghet og interesse  Bygningar som inngår som ein del av ein større plan for restaurering.	35%
<b>Friluftsliv og tilgjengeleghet</b>	Tiltak i område der det er gjort eller planlagt andre skjøtselstiltak herunder utviding av eksisterande stinett i kulturlandskapet (gjeld ikkje i utmark),  Tiltak som førebygg konfliktar mellom landbruk og allmenta t.d. sjølvlukkande grinder, gjerdeklyv vil vert prioritert.	35%
<b>Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt</b>	Tilretteleggingstiltak for naturopplevelingar og ferdsel prioriterast.  Fremmer estetiske verdiar i kulturlandskapet  Talet på brukarar som har nytte av tiltaket	35%

## 2 Tiltak i beiteområde

Retningslinene bør sjåast i samanheng og koordinerast med tiltaksstrategien for *Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)*, da det kan være aktuelt med tiltak som kan falle inn under både ordningar. Desse tre tilskotsgruppene bør difor sjåast i samanheng for best å kunne gjere målretta tiltak

Tiltak for å redusere tap og konfliktar knytt til rovvilt vert dekt over såkalla FKT-midlar, jf. Forskrift om tilskott til førebyggjande tiltak mot rovvilt-skadar og konfliktdempande tiltak av 01.01.13.

Kommunen skal sikre at tiltak som får tilskott ikkje er i strid med anna lovverk, her under naturmangfaldlova og kulturminnelova.

### 2.1 Føremål

Føremålet med tilskottet er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda.

Tiltak som får tilskott etter *Forskrift om tiltak i beiteområde* inneber i stor grad oppføring av faste installasjonar i utmark. Husdyrbeiting og installasjonar i utmark vedkjem også brukargrupper utanfor landbruket. Ved planlegging og gjennomføring av tiltak er det viktig med dialog og samhandling med andre brukargrupper som eventuelt blir omfatta av tiltaket. Aktuelle brukargrupper kan vere organisasjonar og næringsdrivande innanfor landbruk og reindrift, grunneigarar, hytteeigarar, turisme og idrettslag.

### 2.2 Søknad

Ein oppmodar søkerane til å nytte elektronisk søknadsskjema som er utarbeida av Landbruksdirektoratet. Dette er mellom anna tilgjengeleg på Altinn. For søkerar som ikkje har moglegheit til å søkje elektronisk ligg skjema i pdf-versjon tilgjengeleg på Landbruksdirektoratet si nettside.

Søknadsskjemaet inneheld ein del dokumentasjonskrav som er obligatoriske. Vidare kan kommunen krevje ytterlegare dokumentasjon før ein behandlar søknaden. Søknadar skal innehalde all informasjonen kommunen ser som naudsynt for å kunne vurdere søknaden og ufullstendige søknadar blir ikkje vurdert. Utforming av søknader og vedlegg skal vere i samsvar med krava i forskrifta for ordninga.

Søknaden skal sendast kommunen der tiltaket skal gjennomførast. I tilfelle der eit tiltak vil strekkje seg over to eller fleire kommunar skal søknaden sendast til den kommunen der følgjande av tiltaket er størst. Kommunen som tek i mot ein slik søknad må informere andre kommunar om tiltaket.

#### **Søknadsfristen er satt til 1. mai**

Ein syner til gjeldande krava sett i elektronisk skjema i Altinn. Kommunen gjer likevel merksam på at følgjande generelle vilkår må vere oppfylt før søknaden vert saksbehandla (lista er ikkje uttømmande):

- ◆ Situasjonsplan (kart) over tiltaksområde
- ◆ Skal innehalde kostnadsoverslag og finansieringsplan
- ◆ For planleggings- og tilretteleggingsprosjekt kan kostnadsoverslaget også omfatte andre kostnader som t.d. lønnsutgifter og kjøp av tenester.
- ◆ Skriftleg avtale om gjennomføring av fellestiltak med flere andre aktørar
- ◆ Skriftleg godkjenning frå grunneigar dersom du sjølv ikkje er eigar av eigedomen der tiltaket skal gjennomførast

## 2.3 Vilkår for tilskott

- ◆ Tilskot kan gjevast til lag eller foreiningar (t.d. beitelig, grunneigarlag) som er registrert i einingsregistert og som driv aktiv beitedrift som næring.
- ◆ Einskildføretak som har rett til produksjonstilskott, men der det grunna naturgjeve eller driftsmessige tilhøve ikkje gjer det mogleg for samarbeid, kan og søkje om tilskott
- ◆ Føretak som driv beitedrift som næring, men som ikkje har rett til produksjonstilskott, kan kommunen vurdere å gi dispensasjon, jf. § 9 i forskrifta.
- ◆ Skriftleg løyver eller avtalar med frå grunneigarar eller andre som har rettar i tiltaksområde. For faste installasjonar kan det være naudsynt med nabovarsel, jf. *Veileder; Garden som ressurs* og byggesaksforskrifta.
- ◆ Ein kan ikkje få tilskott til tiltak i beiteområder dersom det ikkje ligg føre langsiktige leigeavtaler som er minst på 10 år.

Tiltaket skal vere gjennomført innan 3 år etter at tilskotet vart innvilga, med mindre kommunen har sett ein kortare frist. Kommunen kan etter søknad forlenge gjennomføringsfristen, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart innvilga.

## 2.4 Prioriteringar 2020 - 2025

Søknader frå beitelig om fellestiltak i beiteområde vil verte prioriterte, framfør søknader frå enkeltbrukarar som ikkje driv organisert beitebruk. Dersom søknadsomfanget blir større enn ramma for tilskot kan søknader avslåast pga. knappheit på midlar/prioriteringar.

Tilskotet er delt inn i to ulike grupper tiltak - Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt, samt tilskot til investeringar knytt til utmarksbeita.

### 2.4.1 Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt

Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt kan vere ulike typar prosjekt som rettar seg mot organisering og tilrettelegging av utmarksbeita for god og effektiv beitebruk. Ein kan få inntil 70 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag. Ein gjer merksam på at desse tiltaka generelt er lågare prioritert enn *investeringstiltak i beiteområda*.

Tabell 3: Oversikt over prioritering av planleggings- og tilretteleggingsprosjekt

Prioriteringar:	Tiltak	Rettleiande tilskotssats
Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt		
Planlegging og prosjektering av faste installasjonar		➤ 70 %
Ny organisering av beitelag og utmarksbeiteområde		
Prosjektretta arbeid for stimulering til auka beitebruk og rasjonell utnytting av beita		
Utarbeiding av planar (beitebruksplan, tiltaksplan, beredskapsplan mv.) for utmarksbeit		
Tidsavgrensa utprøving av nytt utstyr som kan bidra til effektiv og god beitebruk		
Vegetasjonskartlegging		

#### 2.4.2 Investeringstiltak i utmarksbeita

Investeringar til både faste og mobile investeringstiltak og anna utstyr knytt til beitebruk i utmarka omfattar fleire ulike tiltak. Innanfor desse rammene kan tilskott gis til alle tiltak som fremjar beitebruken i områda. Lista i tabellen under er ikkje uttømmande, men er i prioritert rekjkjefølgje.

Tabell 4: Oversikt over prioritering av investeringstiltak i utmarksbeite. NB ny for 2025

Prioriteringar:	Tiltak	Rettleiande tilskotssats
Investeringstiltak i utmarksbeita		
Elektronisk gjerde	Som til dømes Nofence	50 %
Elektronisk overvakingsutstyr	Ved innkjøp av elektronisk overvakingsutstyr som t.d. radiobjeller, lammenoder, findmysheep. Dette gjeld for inntil 50 % av dyretalet i beitelaget/besetninga.	50 %
Ferister	Ferister som er av godkjent fabrikat eller bygd etter standardteikningar. Skal vurderast saman med andre tiltak som t.d. gjerding	30 %
Bruer	Ein kan gje tilskot til bruer som er dimensjonert for føring av beitedyr. Dersom bruene er kraftigare dimensjonert kan kostnadsoverslag eller del av tilskot reduserast tilsvarende.	30 %
Anlegg/rydding/ utbetring av driftsvegar		30 %
Sanke og skiljeanlegg (fellestiltak)	Anlegg for lette arbeidet med sanking. Fellestiltak prioriterast.	0 - ikkje spesifisert i politisk vedtak 2025
Transportprammer		
Sperregjerde	Skal hindre beitedyr i å kome ut av beiteområdet, kan og tene til å avgrense beiteområdet mot veg, jarnveg, tettbygd strok	30 %

	<b>og samanhengande jordbruksområde. Reine inngjerdingar av beitedyr i utmark fell ikkje inn under definisjonen av sperregjerde. Det same gjeld gjerde mellom innmark og utmark som fell inn under Lov om grannegjerde.</b>	
<b>Gjetarhytte</b>	Kostnadsoverslag for gjetarhytter kan omfatte hytter på inntil 20 m <sup>2</sup> med kvadratmeterpris som tilsvara gjennomsnittleg kostnad for hytter av enkel standard i det aktuelle området.	<b>20 %</b>
<b>Saltsteinsautomater</b>		

### 3 Einingsprisar

Tabellen 3 gjev ei oversikt over kostnadane knytt til ulike tiltak. Desse kostnadsoverslaga er dei kommunen vil nytte i utrekninga av tilskot. For pris på tiltak som ikkje er omtala i tabellen, vil ein mellom anna nytte ”*Veileder og enhetspriser spesielle tiltak*”, frå NLH-Fagtjenesten 1994 for å berekne kostnadar.

Kommunen gjer merksam på at tilskotsnivået/-satsane vil variere etter tildelte midlar og etter søknadsmengd. Dette inneberer at sjølv om ein søker om tilskot innan eit prioritert tema, kan ein likevel få avslag på søknaden.

Tabell 3. Einingskostnader for ulike tiltak. Dei tilskotssatsane blir rekna ut i frå desse einingsprisane.

Eigeninnsats		Kr 300 pr time
<b>Eigeninnsats ,<sup>m</sup> / motorsag, ryddesag o.l.</b>		Kr 350 pr time
<b>Eigeninnsats med gravemaskin, traktor o.l.</b>		Kr 550,- pr time

Hovudtiltak : <b>Forureining</b>	Deltiltak	Einingspris
<b>Økologiske rensetiltak</b>	Økologiske rensetiltak og miljøplantinger”, LD/1998 - ” Dammer i kulturlandskapet ”, FM i Hedmark 2004.	
<b>Dammar, rensking</b>	Bruk av gravemaskin	550 kr/t
<b>Bekker</b>	Rensk frå to sider	120 – 150 kr/lm
	Rensk frå en side	90 kr/lm
Hovudtiltak : <b>Kulturlandskap</b>	Deltiltak	Einingspris
<b>Planlegging</b>		
	Enkelttiltak	Inntil 5 % av kalkyle
	Fellestiltak	Inntil 10 % av kalkyle
	Egen planlegging	200 kr/time
	Rådgivar/planleggjar	350 – 450 kr/time
	Spesialrådgiving/jurist	500 – 600 kr/time
<b>Rydding av gamal kulturmark</b>		
	Felling, rydding og fjerning av kvist og hogstavfall ved restaurering av gammal og delvis attgrodd kulturmark.	Inntil 1000 kr/daa ved høg gjengroing og vanskeleg adkomst.  Inntil 800 kr/daa ved middels gjengroing Ved

	Prisane inkluderer også bortkøring av kvist og avfall.	mindre gjengroing brukast skjønnsmessig andel.  Verdi av nyttbart virke kan trekkast frå.
<b>Skjøtsel av gamal kulturmark og kulturminner.</b>		
	Beitedyr i viktige BM område	150 kr/ pr dyr (uansett dyregruppe)
	Beitepussing (maskinell/traktor)	250 – 300 kr/daa
	Ljåslått	150 kr/t (10 t/daa)
	Motorslåmaskin, 2 hjuls, inkl innkjøring	250 kr/t (2 t/daa)
	Hesjing av gml slåttemark (m / dok BM-verdi)	200 kr/t (10 – 15 t/daa)
<b>Hovedtiltak :</b> <b>Kulturlandskap</b>	<b>Deltiltak</b>	<b>Einingspris</b>
<b>Restaurering</b>		
	Ny steingard H<1 m	450 kr/lm
	Ny steingard H>1 m	500 kr/lm
	Restaurering av steingard	350 kr/lm
<b>Ferdselstiltak</b>		
	Enkel gangbru, (3,5 m bærelengde, b 110)	600 kr/lm
	Enkel klopp, (150 cm bærelengde, b 40 cm)	500 kr/lm
	Beskyttelse av sårbar mark: Dekke, plank bredde 60 cm	50 kr/lm
	Bord og benk av skur: Splittbenk av rundstokk, l 250 cm, b 35 cm Krakk av rundstokk, l 150, b 200 cm	900 kr/stk 500 kr/stk
	Gangbru med rekkverk	Kostnadane bereknast ut i frå lengde og bredde på brua.
	Enkel gangbru	

	Merkepåler for sti	100 kr/stk
	Enkelt retnings-/navneskilt	200 kr/stk
	Liten infotavle ( 1 m <sup>2</sup> )	500 – 800 kr/stk
	Stor infotavle ( 2 – 3 m <sup>2</sup> )	2000 – 3000 kr/stk
	Oversiktstavle med tak	3000 – 4500 kr/stk
<b>Hovudtak : Kulturlandskap</b>	<b>Deltak</b>	<b>Einingspris</b>
<b>Grinder, Gjerder m.m</b>		
	Nettinggjerde m/ topptråd	90 kr/lm
	Permanent elektrisk gjerde. Faste stolper, totråds	55 kr/lm
	Boring i fjell for gjerdestolpar	20 kr pr hol
	Skigard av bakhun	300 kr/lm
	Skigard, ekte	400 kr/lm
	Sluse med svingbar port	1500 kr/stk
	Sluse med fast port ( Y- og U-form ), H 90 cm	1500 kr/stk
	Gjerdeklyv H 90 cm, b 70 cm bredde	1000 kr/stk
	----- // ----- H 130 cm, b 70 cm	1700 kr/stk
	Grind	3000 kr/stk